

## Solid flytebryggje underveis til Beinavikjo

08.12.2007



Den solide flytebryggja som skal til Beinavikjo har no "mellomlanda" på Eikelandet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ei solid flytebryggje i betong er no underveis til Beinavikjo. Den består av tre seksjonar på 15 meter og er altså tilsaman 45 meter lang. Kolossen vil bli ein massiv "ryggrad" i den nye småbåthamna som blir ein sentral del av prosjektet Beinavikjo Bryggje.**


Førebels ligg flytebryggja på Eikelandet – på staden der det skal byggjast åtte einebustader. Geir Rusten opplyser til uskedalen.no om grunnen til denne mellomlandinga at han ventar på at dei nødvendige, formelle vedtak om prosjektet hans skal bli fatta i kommunen.

Behandlinga av reguleringsplanen for Beinavikjo Bryggje skal snart inn i siste fase etter offentleg ettersyn. Grunnen til at Fylkesmannen kravde reguleringsplan var å etablere ei småbåthamn som eit viktig ledd i tilretteleggjringa av det sjønære området i Beinavikjo og også denne delen av prosjektet er altså godt på tur.

I framlegget til føresegner som er knytta til reguleringsplanen heiter det at retten til ålmenta skal gjelda for aktivitetar som turveg og fritidsfiske frå kystlinia og kaikant i minst ein meters breidde. Men denne retten gjeld ikkje for den flytande delen av småbåthamna og retten kan innskrenkast til ferdsel mellom klokka sju og 23 hvis den syner seg å vera til sjenanse for eigarane i området.

Rusten opplyser ellers til uskedalen.no at arbeidet med bustadprosjektet no går vidare etter at det av ymse grunnar har vore rolegare ei tid. Leilegheit nummer 14 og 15 er under innreiing og i denne veka har arbeidet med det høge, slanke huset som blir vendt mot Neset kome i gang. Rusten håpar at den skal vera reist i mai månad.

Av Ola Matti Mathisen



Reguleringsplanen viser at det skal bli ei fin og fristande båthamn i Beinavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen)